

# **INFORMASJON OM TEKNISKE HJELPEMIDLER I DAGLEGLIVET**

**-VILKÅR OG OMFANG**

**-KVEN KAN DU SPØRJE?**



## Kva er eit hjelpemiddel?

Eit hjelpemiddel er ein gjenstand eller eit tiltak som bidreg til å redusere dei praktiske problema ein kan møte i kvardagen, dersom ein opplever nedsett funksjonevne.

Hjelpemiddel skal inngå som ein del av ein heilskapleg plan og bidra til å

- Betre funksjonsevna di
- Gjere deg meir sjølvhjulpen
- Lette pleiesituasjonen rundt den som har ei funksjonsnedsetjing

## Kven har krav på hjelpemidler?

Personar som har varig (over to år) og vesentleg innskrenka funksjonsevne grunna sjukdom, skade eller lyte kan få stønad til hjelpemidler frå folketrygda. Dersom du har midlertidige behov for hjelpemidler er det kommunen som skal hjelpe deg.

Kommunen har eit lager for korttidshjelpemidler på Vangsheimen.

Det er kostnadsfritt å låne hjelpemidler frå NAV eller kommunen. Nokre hjelpemidler må du kjøpe sjølv, evt gjennom ei stønadsordning.


## Kva områder kan ein få hjelpemidler på?

### Hushaldning

For å lage mat, ete og drikke, stelle tøy eller stelle huset kan hjelpemiddelsentralen låne ut hjelpemidler til deg dersom du fyller vilkåra. Det er ei rekke små hjelpemidler for å opne, vri, halde, skjære og elles gjøre kvardagen enklare. HjelpeMidler som og er vanlige for funksjonsfriske kan ikkje dekkast sjølv om det er ei funksjonshemming som gjer at du treng det. Nokre hjelpeMidler må du kjøpe sjølv.

### Til personleg stell

Dersom du har problem med f.eks åstå i dusjen, kome opp og ned av lågt toalett eller lyfte armen for å greie håret finnes det hjelpeMidler som kan løyse problemet.



### Forflytting

Dersom du har varig nedsett balanse eller gangfunksjonen er heilt eller delvis nedsett kan det vere naudsynt med hjelpeMidler ved forflytting. Dei vanlegaste hjelpeMidlene er rullator, rullestol og spesielle syklar. Desse finns i ulike utgåver og med moglegheit for tilpasning til dine behov.

### Innreiing og tilpasning av bustad

Det er mogleg å få støtte til hjelpeMidler i bustaden for å lette kvardagen, som t.d lyfte-/kvilestol, arbeidsstol eller sjukeseng. Det er og mogleg å få låna større

hjelpermidler som krev varig montering i bustaden din, t.d utveldig rampe eller trappeheis.




### **Hjelpermidler til blinde / synshemma**

Dersom du har varig og vesentleg nedsett syn kan du ha rett til synstekniske hjelpermidler. Du må ha ein stadfesting av synsvanskane frå optiker eller augelege når du søker om hjelpermidler for fyrste gong. Det finnes hjelpermidler til bruk i hushaldning, personleg stell, varsling m.m.

Dersom du manglar synsevne eller er synshemma i ein slik grad at du ikkje har brukbart gangsyn, og treng hjelp når du skal ferdast ute, kan få stønad frå folketrygda til å skaffe deg *førarhund*.

Du kan og ha rett til lese- eller sekretærhjelp.



### **Hjelpermidler til døve/hørselshemma/døvblinde**

Er du døv, sterkt hørselshemma, døvblitt eller døvblind kan du få tolkehjelp eller tolk-ledsagerhjelp. Det finnes og ulike hjelpermidler til m.a varsling og kommunikasjon.



### **Hjelpermidler til barn og unge**

Barn og unge som har varig og vesentleg nedsett funksjonsevne kan få støtte til hjelpermidler. Dei må vere naudsynte og hensiktsmessige for å betre evna til å løyse praktiske problem i daglelivet, eller for å kunne bli pleia i heimen.

Det kan og gis støtte til hjelpermidler for trening, aktivisering og stimulering, men ikkje til å drive konkurransar.

Når det gjeld tilrettelegging i barnehage, grunn- og vidaregåande skule samt lærlingar har trygdeetaten ansvaret for praktisk tilrettelegging for at eleven skal kunne motta undervisning. Skulen har framleis ansvar for pedagogiske tiltak og tilrettelegging av skulebygningen og det øvrige skulemiljøet.



### **Hjelpermidler i arbeidslivet**

Du kan få hjelpermidler til bruk i arbeidslivet. Her er det annan saksgang enn det som tidlegare er beskrive. Dersom du lurer på noko kan du kontakte fysioterapeut eller ergoterapeut. Landbrukshelsa kan og kontaktast.

### **Aktivitetshjelpermidler for vaksne over 26 år**

Vaksne over 26 år som har behov for tilrettelagte produkt for å vere i fysisk aktivitet både sumar og vinter kan søkje om slike hjelpermidler. Det gjeld m.a ulike typer syklar, utstyr til skigåing, rulleski på barmark, alpint og anna.

### **Andre hjelpermidler**

Det er ei mengd andre hjelpermidler som er tilgjengelege, m.a for kommunikasjon og kognitive vanskar. Dersom du har spørsmål kan du kontakte fysioterapeut eller ergoterapeut.

## Kvar får eg hjelp?

Dersom du opplever utfordringar på desse områda og ynskjer å finne ut om hjelphemidler kan vere aktuelt for deg skal du ta kontakt med kommunehelsetenesta.

Du kan snakke med

- Fysioterapeut Derk Stegwee, tlf 61 36 95 08  
415 08 963
- Ergoterapeut Hanne-Kjersti Berge, tlf 61 36 95 15  
99 09 88 17
- Synskontakt Torgun Tildheim, tlf 61 36 95 20
- Hørselskontakt Ann Veronica Dalen, tlf 61 36 95 20



Dei kan hjelpe deg meg å finne ut kva du eventuelt har behov for, og hjelper deg i søknadsprosessen.

## Kvar kjem hjelphemidla frå- og når kjem dei?

Hjelphemidla blir utlevert frå NAV Hjelphemiddelsentral Innlandet, som ligg på Gjøvik. Dei handsamar alle søknader som kjem frå kommunen, og har og ansvar for utlevering og innhenting av hjelphemidler til kommunane.

Hjelphemidla kjem til kommunen kvar torsdag formiddag.

Vaktmeister Lars Øyvind Hovda ordnar med utkøyring i samarbeid med heimetenesta. Han skal og ha beskjed dersom noko ryk eller noko skal leverast. Han kan treffast på tlf 61 36 95 37 / 904 77 944

Når du leverer frå deg hjelphemidler, enten dei tilhører hjelphemiddelsentralen eller kommunen skal du reingjera dei.

Meir informasjon kan du få på NAV sine nettsider  
[www.nav.no](http://www.nav.no) og velje *trenger tilrettelegging* frå hurtigvalmenyen.

